

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram.

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag: Fjortoft.

Oppskr. av: Olav Fjortoft

Gard: Fjortoft nøre.

(adresse): Fjortoft

G.nr. 3. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Oppskrifta om juletreet er etter eiga røynsle.

B. Om pynting av stova i jula og om julehalm har eg bygt på opplysningar frå dei eldste folk i bygda og næraste bygder i Haram.

Emne nr. 18.

Juletre og julehalm.

1. Juletreet er no vanleg i alle bygdene her. I alle heimar er det brukt.

2. Det er mange som hugsar fyrste gongen det var juletre og julefest for borna på Fjortoft. Det var i 1892, same året fyrste skulehuset vart teki i bruk. Før dette året hadde det nokre år vori juletre i sume heimar. Dei fyrste som fekk juletre i heimen var læraren og landhandlaren.

3. Sidan 1892 har det kvart år vori julefestar for born og vaksne. Til 1914

wart festane haldne i skulehuset, og nokre få gonger i kyrkja. Etter 1914 har dei fleste julefestane vori haldne i Ungdomshuset og bedehuset - jamnast 2 slike festar kvar júl.

På Haramsøy, der det tidlegare var fast skule og bedehus, kom juletreet i bruk nokre år tidlegare.

4. Før juletreet kom i bruk, brukte ein å pynta stova med grøne greiner eller kvister. Då det i eldre tid ikkje fanst bartre her i bygda, vart einekvister einaste pyntematerialet. Einekvistene sette dei over døra og på bordet, og alltid var golvet eineströdd.

5. Stova blir pynta på same måten no og. Men gran- eller fjerekvister har komi i staden for eineren. Dette gjer ein, sjölv om ein har juletre. Det er til bordpynt (i vaser) og til pynt på ljóskeuer og lampar (elektriske) det mest blir nytta grønt. Mange kjøper og kristtorn til same formål. Papirpynt er nok nytta, men helst lite.

Halmkreuer til pynt er ukjent her, og det finst inga fråsegn om at det har vori brukt.

6. Storleiken på juletreet kan variera nokså mykje. Det rekkar seg etter høgda i stova, mest vanleg 1,5 til 2 m., når treet står på golvet. I forsamlingshus og kyrkje opp til 4 m.

7. Juletreet er alltid pynta med vanleg nokds pynt, klokker, kuler, stjerner, engle-bilete, glitter og kunstig "sno". Ofte og med heimelaga papirkorger og anna papirpynt.

Det er alltid lys på treet - natur-lys eller elektrisk.

8. Dei voksne pyntar treet - helst mor - men borna er alltid med og hjelper til.

9. I heimar med born, står treet oftast fritt på golvet. Der det ikkje er born, er det meir vanleg med eit lite tre som står på eit bord.

10. Lysa på treet blir tennt fyrste gong juleaftan, sidan dei andre kveldane i julehelga, nyårsaftan og nyårsdag, ofte og på trettandag.

11. I alle heimar - serleg der det er born - er det fast skikk å gå rundt treet og syngja julesongar og salmar. Det er dei vanlege julesongar i salmeboka, songbøker og serlege julesanghefte som vert sungen. Dei fleste ^{med} ~~for~~ nynorske tekst. Andre brukte songar er helst berre fedrelandssongar: „Ja vi elsker“, „Gud signe vårt dyre fedreland“, „Fagert er landet“ o. fl.

12. Juletreet blir vanleg ståande i stova til trettandag.

13. Fram gjennom fyrste jule-åra etter at juletreet kom i bruk, var det vanleg å hengja frukt - eple og appelsiner - og bakverk som „memer“, „kjerringar“ og „ringar“, opps i treet. Dette fekk borna lov å „hausta“ julekvelden etter gangen rundt treet. Alt slikt var gaver til borna. Ierskielt ordtak for dette har ein ikkje anna enn „plukke av treet“.

14. Tre slaga ein nyttar til juletre er gran og fure. Finvaksne einerbüskar er det og same som brukar.

4
15. Tiltaga „juletre“ av trepinnar, stäl-
bräd o. l. har aldri vori nytta. Difor har
ein heller ikkje namn på slik erstalning.

16. Å setja opp tre utafor huset om
julekvelden har aldri vori brukt her
i bygdene.

Julebandet sette ein opp på ein staur
ute på tønnet, eller hengde ^{det} opp i eit tre
ved husa, der ein hadde litt større tre.
Dette er emme vanleg på alle gardar
her.

Om julehalm. Sp. 1-4.

Ingen her i bygdene kan tvinga at det
var brukt å ha halm på golvet i stove-
husa.

Eldre tid skulle det alltid skiftast
ny halm i alle senger til julekvelden.
Men skikken å liggja i halmen på
golvet julenatta er ukjend alle stader
her.

Eller er det stult for lenge sidan
å bruka halm i senger.

Fram til tida kring 1900 var det
alltid brukt i alle heimar å pynta
golvet med firkakka einerkvister om
julekvelden. Det same gjorde ein og til
andre helger og høgtidsdagar.